



Helge Arvid Træland
Stølsvegen 113 E
5262 ARNATVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1442 - 17/21314

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.07.2017

Førebelsvar- trong for tilleggskumentasjon - gbnr 89/6 Haugsmyra

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.05.17. Saka gjeld søknad om frådelling av ein parsell frå eigedom gbnr. 89/6. Søknad omfattar søknad om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan med omsyn til byggegrense langs sjø .

Grunna stor saksmengde har vi ikkje hatt høve til å gjennomgå søknaden dykkar tidlegare, vi seier oss leie for dette.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommunedelplan for Lygra, Lindåsosane og Lurefjorden (KDP) avsett til bygg og anlegg – naust. Omsøkt frådelling er plassert i strid med byggegrense langs sjø sett på gjeldande plankart.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense langs sjø og frå KDP. Vi forstår søknad om dispensasjon til å omhandle byggeforbodet langs sjø (plan- og bygningslova § 1-8) og plankravet i KDP § 1.1. Tiltaket krev 2 dispensasjonsvurderingar.

Nabovarsling

Søknad om dispensasjon og frådelling krev at det vert gjennomført nabovarsling. Søknad om dispensasjon og løyve til frådelling vart levert inn samstundes med søknad om dispensasjon og løyve til etablering av sjøbu, flytebrygge, fastbrygge og landgang. Ut i frå gjenpart av nabovarsling kan vi ikkje sjå at søknad om frådelling er nabovarsla. De kan nytte vedlagd nabo- og gjenboliste.

Kart/teikningar

Det er i søknad opplyst at ein ønskjer å dele frå ein parsell på 2x20 meter (400 m²). Vi kan ikkje sjå å ha motteke kart som syner plassering av den nye parsellen. Vi legg ved eit kartusnitt av området som de kan nytte.

Handsaming



Vi viser til søknad om løyve til etablering av flytebrygge, fastbrygge, sjøbu og landgang levert inn 10.05.17 arkivsak 17/1443. Det vert sendt eige brev i høve søknad om frådelling.

Vi ber om at de gjer greie for korleis de ønskjer at kommunen skal handsama søknadane dykkar. Skal søknad om løyve til etablering av flytebrygge mm. handsamast før søknad om løyve til frådelling?

Tilkomst, parkering, vatn og avlaup

Det er ikkje dokumentert parkering for parsellen som er søkt etablert. Det er heller ikkje dokumentert vegrett fram til parsellen jf. plan- og bygningslova § 27-4.

Det må gjerast greie for om den nye parsellen skal ha vatn (pbl § 27-1) og avlaup (pbl § 27-2), privaterettighetar.

Handsaming etter anna regelverk – Jordlova

Løyve til frådelling krev at det vert gjeve løyve til deling etter jordlova § 12. Kommunen kan oversende søknaden til slik handsaming, evt. kan de innhente slik løyve sjølv.

Før det ligg føre løyve etter jordlova vert ikkje søknaden dykkar å rekne som komplett då løyve til frådelling er avhengig av løyve frå anna mynde.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ber om at de gjer greie for i kva rekkefølge de ønsker at søknadane dykkar skal handsamast.
2. Dokumentasjon på at søknad om dispensasjon og løyve til frådelling av ein parsell frå eigdom gbnr. 89/6 er gjennomført, de kan nytte vedlagd naboliste. Vi gjer merksam på at de må vente i 14 dagar etter at delinga er nabovarsla før de kan levere inn søknaden til kommunen. Naboar har 14 dagars frist på å komme med merknad sjølv om dei samtykker på nabovarselet.
3. Kart som syner plassering av den nye parsellen.
4. Dokumentasjon på at den nye parsellen har naudsynte private rettigheter gjeve i plan- og bygningslova §§ 27-1 (vatn), 27-2 (avlaup) og 27-4 (veg og parkering).

Kommunen ber om at tilleggsmening vert sendt inn samla innan 31.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Vi gjer merksam på at søknaden ikkje vert å rekne som komplett før det tiltaket er tilstrekkeleg nabovarsla, slik søknaden ligg føre der den ikkje tilstrekkeleg opplyst til at kommunen kan ferdighandsame søknaden.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

nabo og gjenboliste gbnr 89_6

Kopi til:

Helge Arvid Træland

Stølsvegen 113 E

5262

ARNATVEIT

Mottakarar:

Helge Arvid Træland

Stølsvegen 113 E

5262

ARNATVEIT